

SYKKYLVEN KOMMUNE
**KOMMUNEDELPLAN FOR
AREALA KRING NYSÆTERVATNET**

PID15282013001 – 05.05.2014

Konsekvensutgreiing



INNHALD

1. VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG	3
1.1. Vurderingskriterium	3
1.1.1. Naturmangfald	3
1.1.2. Friluftsliv	3
1.1.3. Vatn og vassdrag	4
1.1.4. Landbruk	4
1.1.5. Landskap	5
1.1.6. Kulturminne og kulturmiljø	5
1.1.7. Samfunnstryggleik	6
1.1.8. Lokalklima	6
1.1.9. Støy	6
1.1.10. Forureining	6
1.1.11. Teknisk infrastruktur	6
1.2. Vekting	7
2. Vurdering av enkeltområde	8
2.1. Oversikt over føreslåtte utbyggingsområde	8
2.2. Enkeltvis vurdering av nye utbyggingsområde i planforlaget	9
3. Vurdering av verknadane av planen sine samla arealbruksendringar	24
4. Vurdering av verknadane av planen sin strategi for framtidig arealbruk	26
4.1. Folkehelse friluftsliv	26
4.2. Næringsutvikling	26
5. Vurderte og forkasta forslag etter 1.høyring	27
6. VEDLEGG	30
A - Temakart for friluftsliv	
B - Temakart for Kjerneområde for landbruk	
C - Temakart for landskapsbilete med foto av nærhorisont nr. 1 – 7	
D - Temakart for vegetasjon	
E - ROS – analyse	
F - Friluftsliv - Rapport frå spørjeundersøkinga	
G - Friluftsliv - Kart til spørjeundersøkinga	
H - Vurdering av VA-løysingar (Asplan Viak)	

1. VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG

1.1. Vurderingskriterium

Kriterium for vurdering av nye utbyggingsområde er henta frå St. meld. Nr. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand». I denne meldinga er dei nasjonale omsyna nemnt som skal ivaretakast i kommunal planlegging av fritidsbusetnad. Det skal trekkast klare grenser for område med nasjonale interesser der hyttebygging ikkje bør tillatast. Utbygging bør unngåast i følgjande område:

- Store samanhengande naturområde utan større tekniske inngrep, i stor grad fjellområde/snaufjell.
- Område langs vatn og vassdrag (50-100 meters belte).
- Trua naturtypar med rikt biologisk mangfald, sjeldne eller unike økosystem.
- Leveområde for villrein og andre sårbare eller trua artar, randsoner inn mot leveområda og viktige viltkorridorar.
- Nærområde til nasjonalparker eller landskapsvernområde der hyttebygging vil gi press mot sårbare naturverdiar.
- Viktige friluftsområde og bymarker, sårbare landskap og regionalt viktige grønndrag, viktige kultur- og naturlandskap.
- Viktige reindriftsområde og landbruksområde.
- Viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Rasområde og øvrige fareområde.
- Område i nedslagsfelt for drikkevasskjelder.

Dessutan bør kommunen leggje vekt på sikring av viktige landskaps-, natur- og kulturvernverdiar og allmenta sitt høve til ferdsel og fleirbruk.

Dei valde vurderingskriteria er tilpassa den lokale situasjonen i Nysæterområdet. I tillegg er desse forenkla formulert i forhold til stortingsmeldinga for å få eit meir oversiktleg vurderingsgrunnlag.

1.1.1. Naturmangfald

Naturmangfald vert definert som variasjonen av levande organismar (biologisk mangfald), landskap og geologiske tilhøve. Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast. Kommunen har ansvar for å ta vare på viktige naturressursar, naturtypar og artar.

For å unngå å øydelegge naturmangfaldet i samband med endring i arealbruken, er kommunen avhengig av å ha kunnskap om naturverdiane. Tidlegare kartleggingar av naturtypar og artar vert difor lagt til grunn ved vurdering av nye hytte- og anleggsområde. Kartteneste «Kart i skolen» blei brukt som basiskart for å hente kartdata og å lage kartutsnitt til nye areal. Informasjon som ikkje er tilgjengeleg i denne webatlasen blei henta frå følgjande databasar:

- Kartlegging av biologisk mangfald i Sykkylven kommune
- Kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON)
- Naturbasen (kartdata om naturtypar)
- Artskart (forekomst av registrerte artar)

1.1.2. Friluftsliv

Friluftsliv er eit fellesgode som må sikrast som kjelde til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og berekraftig utvikling. Under punktet "Friluftsliv" er det vurdert om utbyggingstiltaket vil redusere viktige friluftsområde og allmenta sitt høve til ferdsel og fleirbruk.

Sykkylven kommune har i samarbeid med fleire lokale foreiningar laga eit turkart for heile Sykkylven kommune. Kartlegginga kring Nysætervatnet er mindre nøyaktig, og omfattar berre turstiar. For å kunne

bruke kartet som kunnskapsgrunnlag vart det altså behov for meir detaljerte opplysningar. Sykkylven kommune valde å spørje dei aktive brukarane direkte om bruken deira av områda kring Nysætervatnet. Difor vart det gjennomført ei spørjeundersøking i april 2011. Resultatet er omtalt i rapporten frå spørjeundersøkinga som er lagt ved planomtalen. Dei viktigaste friluftsområda er framstilt i eit eige temakart for friluftsliv (vedlegg A).

I planprosessen er det også halde eigne møte med Friluftssenteret, barnerepresentant og skigruppene i idrettslaga.

I følgje plan- og bygningslova skal all planlegging ta omsyn til barn og unge sine behov. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (RPR for barn og planlegging) presiserer dei nasjonale krava og forventningane i arealplanlegginga. Som planstyresmakt har kommunen ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp. Natur og friluft er viktige oppvekstvilkår for barn og unge. Naturområde innbyr til leik, mosjon og opphald.

Gjennom ivaretaking av viktige natur- og friluftsverdiar vil kommunen også kunne stette barn og unge sine interesser. Påverknad på friluftsliv og barn og unge sine behov vert såleis vurdert under same kriterium. Eiga barnetrakkregistrering er difor ikkje naudsynt.

1.1.3. Vatn og vassdrag

Vassdraga skal forvalta gjennom ein heilskapleg arealpolitikk som tar vare på vassdragslandskap, vassdragsbelte og vassressursar. Det er eit krav at kommunen vurderer byggforbodssone langs vassdrag. Områda langs Nysætervatnet og Sætervatnet med natur- og friluftsverdi fell også under denne kategorien. Avstand frå elvekant og vatn til fritidsbuseiend eller andre anlegg er fastsett i samråd med miljøkonsulenten i kommunen. Byggegrensen er avhengig av lokale tilhøve, og er vurdert for kvart utbyggingsområde som ligg nært vatn eller vassdrag.

1.1.4. Landbruk

Vurderinga av konsekvensar for landbruk tek utgangspunkt i registreringa av kjerneområde landbruk (temakart, vedlegg B) og beitedata frå Skog og landskap. Vidare skal kulturlandskapet forvalta slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang vert oppretthalde. Desse vurderingskriteria inngår i andre kategoriar i sjekklista.

Kjerneområde landbruk i Nysæterområdet består av verdifulle landbruksprega kulturlandskap. Grunngevinga for resultatet går fram av følgjande utdrag frå tekstdokumentet til Kjerneområde landbruk:

Område - Ladalen/Nysætra		
Matproduksjon	Kulturlandskap	Samla vurdering
Ikkje produksjonsareal med kvalifiserande storleik	Innanfor det viste kulturlandskapsområdet er det fem stølar som kommunen har funne grunn til å regulere til Spesialområde – verna stølar i reguleringsplanen for Nysæterområdet. På to av desse stølane er det aktiv sætring med mjølkeproduksjon (Drotninghaugstølen og Dravlausstølen). Møre og Romsdal fylke heidra i 2005 brukarane av desse sætrane med kulturlandskapsprisen. Det er sjølve stølane som viser mest att i landskapet, men det er meiningslaust å ikkje ha med beiteområda i sætremarka også i kulturlandskapsområdet. Desse er grunnlaget for sæterdrifta.	<u>Pluss:</u> Att sætring med mjølkeproduksjon vart tatt opp att i dette området på tradisjonelt vis med beiting i utmark skil seg klart frå den andre modellen som har vore vanlegare både her i kommunen og elles i vår del av landet: oppdyrking av fellesbeite med mjølkeproduksjon. Oppretthalding av den eldre modellen vert av mange vurdert som eit ekstra pluss. Det knytter seg interesse for utvikling av m.a. nye reiselivsprodukt til slik "ekte" sæterdrift på gamal lest. I gjeldande reguleringsplan er store område regulert til landbruk, nettopp utifrå verdien som naturleg beitemark. <u>Minus:</u>

		Nemnde reguleringsplan omfattar også store hytteområde. I tidlegare plan var desse utforma med tanke på beiting også mellom hyttene. Området har vorte stadig meir populært. I mange av hytteområda har fortettinga nok vorte så sterk at dei kanskje burde vore tatt ut av kjerneområdet. <u>Samla konklusjon:</u> Området kring Nysætervatnet vert tatt med som eit stort samanhengande kulturlandskapsområde som er viktig for å oppretthalde tradisjonell sætredrift i kommunen. Tettbygde hytteområde og kommersielle område vert trekte ut.
--	--	--

Moglege avbøtande tiltak i forhold til ev. negativ innverknad på landbruksdrift vert drøfta i sjekklista for vurdering av konsekvensane. Omdisponering av areal innanfor denne kategorien stiller særleg krav til terrengtilpassing og tilpassing til eksisterande seterdrift.

1.1.5. Landskap

Den europeiske landskapskonvensjonen har som formål å verne, forvalte og planlegge landskapet. Konvensjonen tar ikkje sikte på å hindre endringar, men å påverke endringane i rett retning og ta vare på kvardagslandskapet. Omsynet til landskapet er også tatt opp i dei nasjonale arealpolitiske måla. Å sikre at omsynet til landskapet vert ein del av den heilskaplege planlegginga er viktig.

Dette kan oppnåast ved å:

- unngå toppar og øvste høgdedrag, snaufjell og område med lite vegetasjon
- unngå bratte jamne lisider
- søkje småkupert landskap

For å unngå negative inngrep er det utarbeidd eit temakart for landskapsbilete (vedlegg C) som framstiller dei viktige landskapselementa. I tillegg blei det tatt bilete av nærhorisontane (nr. 1-7) for å vise landskapskarakteren og delområda til landskapsrommet - Nysætervatnet. Punkta der bilete blei tatt frå er markert i kartet.

Temakart for vegetasjon (vedlegg D) skal peike ut areala med mest skogsvegetasjon som er mindre sårbare for utbygging. Hyttefelt i vegetasjonsfattige område er svært synlege, og bør såleis ikkje byggast ut.

God terrengtilpassing er ei generell målsetjing som skal vere ein avgjerande ledd for framtidig utvikling i Nysæterområdet. Under rubrikken «landskap» skal også ei grov vurdering av terrengforholda takast med. Hellingsgrad til terrenget skal vere ein indikator på om eit område er eigna for utbygging, og den skal leggjast til grunn ved gransking av avbøtande tiltak.

1.1.6. Kulturminne og kulturmiljø

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i eit langsiktig perspektiv.

Automatisk freda kulturminne er registrert i Riksantikvaren sine databasar. SEFRAK - registeret gjev oss oversikt over historisk verdifulle bygningar i planområdet. Begge kartleggingane er brukt som vurderingsgrunnlag, og vist i kartutsnitt til kvart føreslått område.

Dessutan vert det ved lokalisering av nye anlegg også tatt omsyn til dei eksisterande stølane innanfor planområdet. Verdien av desse bygningsmiljøa for kulturminne er ikkje greidd ut nærmare, men det skal oppretthaldast ei restriktiv haldning mot utbygging innanfor og nært dei registrerte spesialområda.

1.1.7. Samfunnstryggleik

Det er eit kommunalt ansvar å syte for at nye tiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. I den samanheng er det viktig å unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve.

Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sykkylven kommune 2009, revidert 2013, er lagt til grunn for vurderingane i planen. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) sine malar for ROS - analyse vart nytta i utarbeidinga. Kartlegginga er ei grovanalyse der eksisterande kunnskap frå mange ulike kjelder er samla og kartfesta. Det er laga temakart som syner naturrisiko, verksemdsrisiko (menneskeskapt), beredskapstilhøve og sårbare objekt (vedlegg E). Nedslagsfelt for drikkevatt, som er særskilt nemnt i stortingsmeldinga, er registrert som sårbart objekt i kartlegginga.

Der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko, må nærare undersøkingar i samband med detaljregulering gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprojekt.

1.1.8. Lokalklima

Dei nasjonale forventningane er også retningsgjevande for kommunale planar. Eit viktig mål i dette forventningsdokumentet er å redusere klimagassutsleppa. Kommunane har som ansvarlege for planlegginga ein viktig rolle i å bidra til å redusere klimagassutsleppa. Ved å ta omsyn til lokalklimatiske forhold ved lokalisering av nye bygg kan energibehovet avgrensast. Difor forventar regjeringa at nye utbyggingsområde skal vurderast utifrå klimatiske forhold.

Temakart vegetasjon (vedlegg D) er nytta ved vurdering av vindeksponering. Vurderinga er elles knytt til terrenghelling, himmelretting og soltilhøve ut frå ei skjønsmessig vurdering.

1.1.9. Støy

Innanfor planområdet er støy generelt ikkje vurdert som eit relevant vurderingskriterium, verken ved at ny bebyggelse vil generere støy eller ved at ny bebyggelse vert utsett for støy. Dette er gjort ut frå at byggeformål er knytt til fritidsbebyggelse. Næringsaktivitet innanfor området er knytt til turisme og friluftaktivitetar, samt stølsdrift på to stolar. Planforslaget opnar ikkje for anna næringsaktivitet med ein meir støyande karakter.

Moglege støyrelaterte problem vert vurdert som like for heile området, svært små, og er ikkje tekne inn i vurderingsskjema som eige kriterium.

1.1.10. Forureining

Registrert forureiningsproblematikk innanfor planområdet er knytt til avløp. Avløpssituasjonen vert styrt gjennom eiga avløpsforskrift (Vedtatt i kommunestyret juni 2013). Planføresegnene gir nye og eksisterande avløpsanlegg tilknytingsplikt til framtidige fellesanlegg.

Innanfor planområdet er det ikkje registrert andre eksisterande forureiningar eller tidlegare aktivitetar som vil kunne påreknast å ha gitt hittil uoppdaga forureiningar i grunnen. Avløp vert håndert gjennom eiga forskrift og tilknytingsplikt.

Forureiningssituasjonen ut over avløp er vurdert som generelt låg. Situasjonen er vurdert lik for heile planområdet, og ikkje tatt inn som eige tema i den skjematiske vurderinga.

1.1.11. Teknisk infrastruktur

Generelt for heile området gjeld at utbygging av teknisk infrastruktur er basert på private løysingar i samband med utbygging av hyttefelt. Hovudvegen gjennom området frå Dravlausskiftet mot Fausa og Fasteindalen er kommunal veg. Andre vegløyningar er private.

All utbygging er underlagt private vass- og avløpsløyser. Gjennom føreseger til plan og lokal forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg er det sett krav om VA-plan for alle hyttefelt før utbygging kan skje. Sykkylven Energi AS fekk i 2013 i oppdrag å utgreie felles avløpsanlegg for planområdet. Tilknytingsplikt til framtidig fellesløyser er heimla i føresegnene til planen.

1.2. Vekting

Ut frå kriteria som er presentert ovanfor er det utarbeidd ei forenkla sjekkliste for vurdering av alle nye utbyggingsområde. Konsekvensar er vurdert i høve til dei fastsette kriteria. Vurdering vert delt inn i:

+: Positive konsekvensar

0: Ingen vesentlege konsekvensar

–: Negative konsekvensar

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema. Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.


Omgrepet "uakseptable negative konsekvensar" inneber m.a.o. at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje let seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at ulemper ikkje let seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.



Nedst i tabellen er det ført opp moglege avbøtande tiltak. Sist er det gitt ein konklusjon på bakgrunn av konsekvensar og avbøtande tiltak. Moglege avbøtande tiltak kan vere lagt inn som ein føresetnad for utbygging.


2. Vurdering av enkeltområde



2.1. Oversikt over føreslåtte utbyggingsområde




2.2. Enkeltvis vurdering av nye utbyggingsområde i planforlaget

Nr.1	Eigedom: 30/11 og 30/3 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca. 59 daa Ny arealbruk: Byggeområde – fritidsbusetnad
 		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ingen registrering; ca. 70 m frå rikmyr (A-lokalitet) med ein stor bestand av solblom	0
Friluftsliv	Ingen registrering; tursti ligg ca. 100 m mot sørvest	0
Vatn og vassdrag	Området ligg ca. 80 m frå Sunndalselva	0
Landbruk	Uproduktiv skog; open jorddekt fastmark; nært Drotninghaugstølen, mindre beiting i samband med sætredrift	0
Landskap	Lav vegetasjon; eksponert li og synleg frå dei fleste plassar i delområdet rundt Sætervatnet, men ingen sårbart landskapselement råka; areal ligg i randsone til eks. fritidsbusetnad; slakare terreng	-/0
Kulturminne	Ingen registrering	+
Samfunnstryggleik	Fare for snøskred er registrert, det har gått snøras i området tidlegare; høgspenteleidning omtrent midt i området; ikkje sløkkjevatn	-
Lokalklima	Li ligg vendt mot søraust, men vêrutsatt stad og mindre sol om vinteren	-/0
Avbøtande tiltak: For å unngå ulempe for beiting skal inngjerding av større areal ikkje vere tillate. Dei andre negative konsekvensane kan også akseptast, men må greiast ut nærmare i samband med detaljregulering. Dette gjeld særleg snøskredfare og moglege tiltak mot vêreksponering. Fare for høgspenteleidning og skred er vist i områdeplanen som omsynssone. Terrengen tåler godt utbygging. God terrengtilpassing og tilpassing til lokal byggeskikk (hyttefelt H1) er ein føresetnad for detaljregulering. Konklusjon: Arbeidet med detaljregulering vart allereie starta i 2007, men prosjektet stoppa pga. registrert snøskred, som må detaljklarast i samband med regulering. Utbygginga er ei utviding av eksisterande fritidsbusetnad, og inneber difor mindre negativ konsekvens for Nysæterområdet.		

Nr.3	Eigedom: 29/6,16,8,3 og 22 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca 115 da Ny arealbruk: Fritidsbusetnad
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ikkje registrerte førekomst	+
Friluftsliv	Ved inngangen til Tudalen, nær skitrekket. Ikkje hovudutfartsområde, men noko gjennomgang frå nedanforliggende hytteområde. God tilknytting til skiterkk og turområda i Tudalen og Revsdalen.	0/+
Vatn og vassdrag	Mindre bekkeløp i området	0
Landbruk	Myr og spreidd skogsareal som har middels eller uproduktiv bonitet; utmarksbeite.	+
Landskap	Sørvendt helling med kupert terreng, spreidd bjørkeskog (glissen i øvre delar). Hytteplassering, utforming, materialval og fargebruk må vurderast særleg med best mogleg landskapstilpassing.	0/-
Kulturminne	Ingen registreringar	+
Samfunnstryggleik	Innanfor aktsemdssone ras. Vurderingar må gjerast av fagkompetanse i samband med detaljregulering. Evt. avgrensingar av området vil skje i detaljregulering ut frå ros-analyse for området.	-
Lokalklima	Soleksponert, glissen vegetasjon i øvre delar set krav til god terrengtilpassing av hytter gjennom detaljregulering.	0
Avbøtande tiltak: Detaljkartlegging av rasfare og evt. avbøtande tiltak må utgreiast i samband med detaljregulering. Konklusjon: Arealet var ein del av reguleringsplan for Friluftssenteret som vart godkjent i 2010 (sak 39/10), med unntak av område F1/F26A der fylkesmannen oppheva vedtaket. Konflikta var ikkje knytt til arealbruken i seg sjølv, men til vegtilkomst gjennom nedanforliggende hyttefelt F5. Friluftssenteret har sidan fremma eigen reguleringsplan for dette området med vegføring gjennom F5. Forslaget har vore ut til 1.høyring hausten 2013 (NU-sak 48/12), og er under handsaming. Innkomne merknadar er knytt til usemje om vegføring. Arealbruken er ikkje stridsspørsmål. Utbygginga opnar eit viktig utviklingspotensiale nær skitrekket, med relativ liten konflikt med viktige ålmenne interesser. I planforslaget er framtidig hovudtilkomst tenkt via ny samleveg V7. Arealet vert teke inn i plan. Vidare avklaringar må gjerast gjennom pågåande reguleringsprosess.		

Nr.4		Eigedom: 29/22	Areal: ca. 5 daa	Gjeldande arealbruk: LNF-formål		Ny arealbruk: Turistformål, utleigehytter	
							
Naturmangfald		Ingen data er registrert				0	
Friluftsliv		Fjellsæterrunden ligg langs strandlina/på Nysætervatnet				-	
Vatn og vassdrag		NR4 ligg ca. 26 m frå strandlina; det er bygd ei naustrekkje mellom strandlina og NR4				-	
Landbruk		Skog med høg bonitet; utanfor registrert beiteområde				0	
Landskap		NR4 ligg i eit allereie utbygd område med skogsvegetasjon; terrenget er mellom 1:5 – 1:6				0	
Kulturminne		Ingen registrering i området; automatisk freda kulturminne kartlagd ved ungdomssenteret				0	
Samfunnstryggleik		Ikkje sløkkjevatn, men nært Nysætervatnet				0	
Lokalklima		Ligg vendt mot søraust, er mindre vêreksponert pga. vegetasjon; men ev. utsatt for kaldluft frå Nysætervatnet				-/0	
Avbøtande tiltak: Konflikten med Fjellsæterrunden og nærleiken til vasskanten er dei største utfordringar. Nye hytter må plasserast nærmast mogleg den kommunale vegen, og byggegrense mot Fjellsæterrunden må innregulerast i detaljplan. I tillegg bør uteareal til hyttene vere så lite som mogleg. Ved rydding av skogen kan skiløypa køyrast opp på land. Dette er også sikra gjennom områdeplanen. Skrånande terreng krev god terrengtilpassing. Omsyn til terrengforhold ved bygging er uansett ein føresetnad for detaljregulering. Det bør også takast omsyn til den lokale byggeskikken (hyttefelt H6 og H5). Konklusjon: Det er positiv at det byggast utleigehytter nært skitrekket. NR4 ligg i eit område som er allereie prega av større utbygging. Difor er utvidinga av byggeområde mindre negativ. Ytterlegare nedbygging av strandsona har stor negativ konsekvens for ålmenta sine interesser i området. Ved god tilpassing til dei lokale forholda kan ulempa vesentleg minkast, og utbygging kan såleis akseptierast. God dialog mellom utbyggaren, kommunen og Friluftssenteret er avgjerande i samband med detaljregulering.							


Nr.5	Eigedom: 61/1,2,36,37 Areal: ca. 39 daa Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk:Fritidsbusetnad
-------------	---





Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Arealet på 61/2 ligg innanfor rikmyr som har svært viktig verdi for naturmangfaldet i Nysæterområdet; området bør difor ikkje utsetjast for fysisk inngrep	-
Friluftsliv	Skiløype og tursti ligg i periferien til NR5	-/0
Vatn og vassdrag	Ingen registrert konflikt; 100 m frå Revsdalselva	0
Landbruk	Dei registrerte arealtypeane er myr og skog med høg bonitet; mindre beiting i området	0
Landskap	I utkastet til detaljplan er hyttene lokalisert i slakare terreng med skogsvegetasjon, difor har utbygginga mindre fjernverknad innanfor influens-/delområdet; det finst ingen markante landskapselement; NR5 vert samlokalisert med eks. hyttefelt.	0
Kulturminne	Ingen registrering	0
Samfunnstryggleik	Ikkje sløkkjevatn i området	-/0
Lokalklima	Sørvendt eksponering, men litt vêrutsatt stad	-/0

Avbøtande tiltak: Svært sjeldan naturtype (A-lokalitet) på Sunnmøre er truga. Naturverdiane vert difor svært negativt påverka. Arealet av NR5 som ligg utanfor rikmyra kan akseptast. Det må takast omsyn til skiløype/tursti. Etablering av byggegrense mot turløypa må vurderast i samband med detaljregulering. For å unngå ev. ulempe for beiting skal inngjerding av større areal ikkje vere tillate. Det bør så langt som mogleg takast omsyn til eks. skogsvegetasjon pga. fjernverknad og lokalklimaet. Faresone for høgspenteledning er vist i områdeplanen som omsynssone. Utbygging nærmare enn 15 m frå lina må greiast ut.

Konklusjon: NR5 er ei utviding av eks. utbygging og kan difor godtakast, så lenge NR5 ligg utanfor rikmyra. Arealstorleiken må såleis justerast frå 39 til 34 daa.

Nr.7	Eigedom: 58/7,11 og 64/1,2,3,6,7 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca. 90 daa Ny arealbruk:Fritidsbusetnad og merkantilt
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	I den nordaustlege delen ligg ei rikmyr (B-lokalitet); funn av kvitkurle som er nært trua innanfor føreslått areal	-
Friluftsliv	Turstien/løype til Auskjeret går langs elveløpet; hovudtilkomst vinterstid. Skiløypa går i hovudsak over myrområde i vestre del av registrert rikmyrlokalitet.	-
Vatn og vassdrag	Fleire elveløp ligg mellom eks. hyttefelt og området med rikmyr. Elveløp er delvis regulert i samband med regulering av Nysætervatnet med del avrenning til Nysætervatnet og dels til Fausadalen.	-
Landbruk	Myr er den dominerande arealtypen, mindre delar av område er kartlagd med uproduktiv skog; det er registrert beiting i området	0/+
Landskap	Lav vegetasjon; eksponert li, men ingen sårbart landskapselement råka; areal ligg i randsone til eks. fritidsbusetnad; slakare terreng	-/0
Kulturminne	Ingen registrering	0
Samfunnstryggleik	Ev. fare flaum, flaumskred og sørpeskred i området; høgspenteleidning ligg i området; ikkje sløkkjevatn	-
Lokalklima	Li mot søraust; solrikt, mulegens noko vêrutsett	0
Avbøtande tiltak: Bygging i området kan medføre at avrenning av vatn til myrområdet vert forandra. Ein bør difor ikkje tillate fysisk inngrep nært rikmyrområdet. I tillegg er det på nordsida av Daleelva registrert ein tursti til Auskjeret. Utbygging minst 20 m frå nærmaste elveløpet kan akseptast, men elvane sitt skadepotensial skal avklarast i detaljplan. Fare for høgspenteleidning er vist i områdeplanen som omsynssone. Fare for flaum/flaumskred må undersøkjast nærmare før gjennomføring av detaljplan. Terrengen tåler godt utbygging. God terrengtilpassing og tilpassing til lokal byggeskikk (hyttefelt H14) er ein føresetnad for detaljregulering. For å unngå ulempe for beiting skal inngjerding av større areal ikkje vere tillate. Konklusjon: Utviding mot nordvest kan akseptast. Mot nordaust vert arealet avgrensa mot rikmyrområde, jfr. justert innspel etter 1.høyring. Arealstorleiken vert justert frå 93 til ca. 70 daa, herav ca 15 da til merkantilt/parkering .		

Nr.8 Eigedom: 60/1 og 58/4 Areal: ca. 21 daa
Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk: Fritidsbusetnad




Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ingen registrering	+
Friluftsliv	Ingen registrering	+
Vatn og vassdrag	Ingen registrering	+
Landbruk	Store delar av NR8 ligg på myr; dyr beitar i området	0
Landskap	Området har lav vegetasjon, men er prega av igjengroing; utbygginga er synleg innanfor influensområdet til Furesætra; terrenget har slakare fall	-
Kulturminne	Ca. 280 m i søraustleg retning frå Furesætra; ca. 15 m frå ein gamal steingard som startar ved Furesætra	0
Samfunnstryggleik	Fare for ras; høgspenteleidning tangerer området; ikkje sløkkjevatn	-
Lokalklima	NR8 ligg vendt mot vest på ein vêrutsatt stad	-


Avbøtande tiltak: I detaljreguleringa skal det takast omsyn til den gamle steingarden. NR8 ligg langt unna sætra, og forstyrrar difor ikkje vesentleg biletet av det opphavlege sæterområdet. Likevel skal tilpassing til terreng gjerast med varsemd for å unngå mogleg negativ verknad på sætermiljøet. Eks. vegetasjon skal bevarast så langt som mogleg. Inngjerding av større areal er ikkje tillate for å unngå konflikt med beiting. Reell fare for ras skal undersøkast i detaljplan. Dessutan bør lokalklimaet og moglege tiltak vurderast nærare.

Konklusjon: NR8 er ei utviding av H16. Ved gjennomføring av dei avbøtande tiltaka kan forslaget akseptierast. Viss det er formålsteneleg, så kan delar av H17 og H16 med NR8 regulerast under eitt. Nøyaktig avgrensing av planområde bør vurderast i samband med detaljregulering.

Nr.9

Eigedom: 58/5 Areal: ca. 34 daa
Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk:Fritidsbusetnad








Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ingen registrering	+
Friluftsliv	Ingen registrering	+
Vatn og vassdrag	Ingen registrering	+
Landbruk	Store delar av NR8 ligg på myr; dyr beitar i området	0
Landskap	Området har lav vegetasjon, er prega av mindre igjengroing enn NR8; utbygginga er synleg innanfor influensområdet til Furesætra; terrenget er slakare enn 1:6	-
Kulturminne	Ca. 233 m i austleg retning frå Furesætra; tilkomsten må truleg gå over gamal steingard via NR8	-/0
Samfunnstryggleik	Fare for ras; ikkje sløkkjevatn	-
Lokalklima	Området ligg vendt mot vest på ein vêrutsatt stad	-



Avbøtande tiltak: Situasjonen innanfor NR9 er ganske likt NR8.
Større ulempe for dette området er at tilkomstvegen må ev. krysset steingarden. I detaljregulering må plassering av den interne vegen vurderast nøye. Ev. er det mogleg å plassere traséen i ei eks. opning i mura. NR9 ligg også langt unna sætra, og forstyrrar difor ikkje vesentleg biletet av det opphavlege sæterområdet. Likevel skal tilpassing til terreng gjerast med varsemd for å unngå mogleg negativ verknad på sætermiljøet. Eks. vegetasjon skal bevarast så langt som mogleg. Inngjerding av større areal er ikkje tillate for å unngå konflikt med beiting. Reell fare for ras skal undersøkjast i detaljplan. Dessutan bør lokalklimaet og moglege tiltak vurderast nærare.

Konklusjon: NR9 er ei fortsetjing av H16. Etableringa kan akseptarast så lenge omsyn til steingarden kan ivaretakast. H16, NR8 og NR9 vert vist som eitt samla område i områdeplanen.

Nr.10	Eigedom: 33/1	Areal: ca. 9 daa
	Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Ny arealbruk:Fritidsbusetnad
 		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Nr10 ligg inntil Dravlausstølen; dette området er registrert som viktig naturbeitemark (B-lokalitet)	0
Friluftsliv	Interesser for friluftsliv er indirekte råka; Fjellsæterrunden og ein sti/løype tangerer området	-/0
Vatn og vassdrag	Ingen registrering	+
Landbruk	Uproduktiv skog; jordbruksareal er ikkje berørt; open jorddekt fastmark; beiting i samband med sætredrift	0
Landskap	Lav vegetasjon; Dravlausstølen ligg på ei lita høgde, slik at NR10 er mindre synleg innanfor influense-område; akseptabelt terreng for utbygging	+
Kulturminne	NR10 er utanfor stølsområdet; Utvidinga påverkar ikkje stølspreget, då det finst ein buffersoner rundt stølen som skil dei to landskapstypene tydeleg	0
Samfunnstryggleik	Ikkje sløkkjevatn	0
Lokalklima	Området ligg vendt mot nordvest, men er ev. mindre vêrutsatt pga. terrengformasjonar i området	-/0
Avbøtande tiltak: Ingen direkte konflikt med friluftslivsinteresser, men viss Dravlausvegen skal brøytast skal dette vurderast nøyare i samband med detaljplan. For å unngå ulempe for beiting skal inngjerding av større areal ikkje vere tillate. Terrengen tåler godt utbygging. God terrengtilpassing og tilpassing til lokal byggeskikk (hyttefelt H1) er ein føresetnad for detaljregulering. Konklusjon: NR10 er berre ei mindre utviding av eks. hyttefelt. Utbygging i dette området har ingen større negative konsekvensar, og kan difor akseptast.		

Nr.11	Eigedom: 30/2 Areal: ca. 30 daa Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk: Blanda turistformål	
 		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ingen registrering	+
Friluftsliv	Fjellsæterrunden ligg på Dravlaussvegen	-
Vatn og vassdrag	Ingen registrering	+
Landbruk	Ikkje viktig jord- eller skogbruksareal; innanfor området er det registrert myr, open jordekt fastmark og uproduktivt skog; ikkje beiting i området	+
Landskap	Svært synleg innanfor influenseområdet; lav vegetasjon er dominerande, litt skog; området er prega av igjengroing; terrenget er litt variert, gjennomsnittleg fall er 1:10	-
Kulturminne	Ingen registrering	+
Samfunnstryggleik	Ikkje sløkkjevatn	0
Lokalklima	Li ligg vendt mot nordvest og er vêrutsatt	-
Avbøtande tiltak: NR11 ligg i eit urørt område, og er difor svært eksponert. Utforming og plassering av bygg i terrenget må gjerast med omsyn til landskapet. Volum, dimensjoner og materialbruk er avgjerande for ei estetisk tilpassing, og skal vurderast nærare i samband med detaljplan. I detaljplan skal alt. plassering av Fjellsæterrunden greiast ut nærare. Det er mogleg å plassere skiløypa parallell til Dravlaussvegen. Generelt krav om omsyn til friluftsinteresser er innarbeidd i føresegnene til områdeplanen. Innanfor området skal det også leggjast til rette for offentlig parkering. God terrengtilpassing er ein føresetnad for detaljregulering. Utforming av bygningar skal styrast meir bevisst gjennom område- og detaljplan. Dessutan bør lokalklimaet og moglege tiltak vurderast nærare. Konklusjon: Arbeidet med detaljregulering vart allereie starta i 2007, men prosjektet stoppa etter offentlig ettersyn av planforslaget. Kommunen var positiv til etableringa av eit merkantil område. Utbygginga er viktig for reiselivsutviklinga i Sykkylven, og kan vere eit løft for den lokale næringa. Ved gjennomføring av dei avbøtande tiltaka kan utbygginga akseptierast. Plasseringa er også strategisk vald for å unngå ulempe for stølsdrifta på Drøtninghaugstølen som er knyta til dette prosjektet.		

Nr.12	Eigedom: 25/7, 6 og 5 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca. 54da Ny arealbruk: Fritidsbusetnad
--------------	--	--



Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ingen registrering	+
Friluftsliv	Fjellsæterrunden går i traséen til Dravlausvegen	-
Vatn og vassdrag	Ca. 60 m frå strandlina til Nysætervatnet, dette er tilsvarande planlagd utbygging innanfor reguleringsplan for lysløype	0
Landbruk	Ingen jordbruksareal, skogen har høg bonitet; beitande dyr er registrert i området	-/0
Landskap	Utviding av eks. hyttefelt innanfor urørt skogsområde; utbygging vil bli synleg i influensområdet; terrenget har helling 1:6	-/0
Kulturminne	Ingen registrering	+
Samfunnstryggleik	Ikkje sløkkjevatn	0
Lokalklima	Nordvendt li; mindre vêrutsatt pga. av skogsvegetasjon	0



Avbøtande tiltak: Pga. lokalklimaet og landskapskarakteren skal det takast vare på vegetasjonen så langt som råd, særleg i randsona til hyttefeltet. For å bevare mest mogleg skog bør utbygginga vere mindre tett, og leidningstraséar bør ligge under vegen. God terrengtilpassing er ein føresetnad for detaljregulering. Framtidig trase for Fjellsæterrunden vert langs vatnet i forlenging av lysløypa. Vidare vert det vist til mogleg framtidig ny løypetrase sør for eksisterande og nye hyttefelt i dette området, ut frå mogleg vinterbrøyta veg.


Som for andre felt vert det sett krav til opne hytteområder utan inngjerding av tomtene, for framleis beitebruk og gjennomgangsmulegheiter for turfolk. I detaljregulering skal interne korridorar frå hytter til skiløype etablerast.

Generelt krav om omsyn til friluftsinnteresser er innarbeidd i føresegnene til områdeplanen. I tillegg skal inngjerding av større areal ikkje vere tillate for å unngå konflikt med sæterdrifta.

Konklusjon: Utbygginga som er ei utviding av eks. hyttefeltet kan akseptast.


Nr.13	Eigedom: 29/1,2,4,25,21 Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk: Køyreveg Lengdel: ca 1400 m		
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Naturmangfald	Vegtraséen ligg delvis inn på rikmyr	-	
Friluftsliv	Vegen kjem i konflikt med tursti/løype som går langs Tuvdalselva mot Tuvdalen, men dette er ingen preparert løype	-	
Vatn og vassdrag	Vegen kryssar fleire elveløp i området	-	
Landbruk	Traséen går gjennom skogsareal som har middels eller uproduktiv bonitet; ingen jordbruksareal råka; berre beiting i området	0	
Landskap	Vegen er lagt i terrenget med jamn stigning. Eksakt terrengtilpassing må gjerast gjennom detaljregulering. Ligg til rete for små skjæringar/fyllingar; ved bevaring av flest mogleg skog vil vegen bli mindre synleg i landskapet	0	
Kulturminne	Ingen registreringar i området.	+	
Samfunnstryggleik	Utanfor registrert fareområde.	+	
Lokalklima	Ikkje relevant	0	
Avbøtande tiltak: Nøyaktig plassering skal avklarast i reguleringsplan. Viktig å ta vare på mest mogleg vegetasjon. Omsyn til rikmyr, skiutfart og friluftslivsinteresser må også avklarast gjennom detaljregulering. Tilrettelegging av off.parkering i samband med vegen, jfr. Mørelaft sitt innspel, må gjerast i samband med utbygging. Utforming og lokalisering må avklarast ved detaljregulering. Elvane sitt skadepotensial skal og avklarast i reguleringsplan. Konklusjon: Vegen er tenkt som hovudtilkomst til F26A og B. Traseen er justert i samsvar med innspel nr 14. Detaljutforming av trase og nye offentlege parkeringsplassar, jfr. forslag frå Mørelaft, i tilknytning til denne skal utformast gjennom detaljregulering av Nr.14. Omsyn til rikmyr og friluftslivsinteresser skal vurderast i detaljregulering.			

Nr.14	Eigedom: 29/1,2,4,25,21 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca 330 da (eksl. H8 - eksisterande) Ny arealbruk: Fritidsbusetnad
 		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Delvis inn på registrert naturtype rikmyr verdi: svært viktig lokalitet (grøn farge).	-
Friluftsliv	I nordaust attraktivt turområde vinterstid; ope landskap med spreidde furukrullar. Barnevennleg skiområde og viktig innfallsport til Nyseterdalen. Forslagsstillar foreslår å opparbeide offentlege parkeringsplassar i område, jfr. innspel av 8.4.2013. som vil gi betre tilkomst til Nyseterdalen	-
Vatn og vassdrag	Fleire mindre bekke-/elveløp i området	-
Landbruk	Skogsareal som har middels eller uproduktiv bonitet; utmarksbeite.	0
Landskap	Sørvendt helling med kupert terreng, furu- og bjørkeskog (glissen i øvre delar). Gode mulegheiter for terrengtilpassa utbygging. Hytteplassering og vegtrase må detaljplasserast gjennom reg.plan.	0
Kulturminne	Ingen registreringar	+
Samfunnstryggleik	Utanfor rasfarleg område, jfr. NVE. Ikkje sløkkevatn. Høgspenteledning gjennom området.	0
Lokalklima	Soleksponert og gode mulegheiter for skjerming mot vind.	0
Avbøtande tiltak: Arealet bør avgrensast mot nord-aust av omsyn til friluftssinteresser og rikmyr. Forslagsstillar foreslår opparbeiding av off. parkering i området, noko som vil kunne kompensere for inngrep. Detaljutforming av byggeområde, vegtrase, storleik og plassering av off.parkering, samt rekkefølgekrav vedk. parkering vert å avklare gjennom detaljregulering. Særleg omsyn må takast til ålmenne friluftssinteresser og rikmyr i nordaustleg del av området. Elvane sitt skadepotensial skal avklarast i reguleringsplan. Konklusjon: Utbygginga opnar eit viktig utviklingspotensiale nær skitrekket, med relativ liten konflikt med viktige ålmenne interesser. Arealet vert teke inn i plan, men redusert noko i nord aust grunna friluftssinteresser. Parkeringsareal er lagt inn ned mot kommunevegen. Gjennom detaljregulering skal det takast særleg omsyn til rikmyr, og til oppmarsjområde/friluftsliv inn mot Revsdalen frå parkeringsareal. Ca 300 da vert foreslått i plan.		

Nr.15	Eigedom: 25/ og 25/2 Gjeldande arealbruk: LNF-formål	Areal: ca 70 da Ny arealbruk: Fritidsbusetnad
		
Tema	Vurdering	Konsekv ens
Naturmangfald	Ikkje kjende registreringar i området	+
Friluftsliv	Ferdsl aut vest gjennom hytteområda, spesielt vinterstid i oppkøyr skiløype. Lysløype langs vatnet. Mogleg parallell skiløype kan etablerast sør for hyttefelta. Terrengtilhøva gjer at bevegelse nord-sør er lite attraktivt/tenleg. Fjellet stig bratt mot Fetkollen sør for byggeområda. Krav om opne løypestrasear ned mot lysløype vert sett i detaljregulering.	0
Vatn og vassdrag	Ikkje innanfor fastsette minsteavstandar til vatn og vassdrag.	+
Landbruk	Skogsmark. Beiteområde. Krav om maks inngjerding må oppretthaldast og praktiserast.	
Landskap	Kupert skogslandskap. Nordvendt helling. Gjennom detaljplassering, utforming, fargeval og materialbruk i samsvar med føresegnar vil ein kunne oppnå god landskapstilpassing, trass i stort samanhengande område.	0
Kulturminne	Ingen registreringar innanfor området.	+
Samfunnstryggleik	Utanfor kjende risikoområder eller aktsemdsområde. Ikkje sløkkevatn.	0
Lokalklima	Nordvendt, skogsterreng med mulegheit for skjerming mot vind.	0/-
Avbøtande tiltak: Terrengtilpassing gjennom detaljregulering. Krav om etablering av interne grøntkorridorar tilpassa terreng og utbygging. Gjerdeforbod. Konklusjon: Trass i stort omfang finn ein det tilrådeleg å ta området inn i plan. Arealet ligg nær tyngdepunktet i området kring Friluftssenteret og Drabølsstølen, og vil kunne tilpassast eksisterande og framtidig løypestruktur i området.		

Nr.16

Eigedom: 33/6,7 Areal: ca 12 da
 Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk: Fritidsbusetnad



Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ikkje kjende registreringar i området	+
Friluftsliv	Ikkje i konflikt med turstiar eller anna friluftsbuk	0
Vatn og vassdrag	Ikkje innanfor fastsette minsteavstandar til vatn og vassdrag.	+
Landbruk	Skogsmark. Beiteområde. Krav om maks inngjerding må oppretthaldast og praktiserast.	
Landskap	Kupert skogslandskap. Nordvendt helling.	0
Kulturminne	Ingen registreringar innanfor området.	+
Samfunnstryggleik	Utanfor kjende risikoområder eller aktsemdsområde. Ikkje sløkkevatn.	0
Lokalklima	Nordvendt, skogsterreng med mulegheit for skjerming mot vind.	0/-

Avbøtande tiltak: Terrengrtilpassing gjennom detaljregulering. Gjerdeforbod.

Konklusjon: Ei mindre utviding av F23 som kan gi betre terrengrtilpassing av hytter då terrenget her er er noko slakare enn nedste delen. Ikkje negative konsekvensar. Arealet vert teke inn i plan.

Nr.17	Eigedom: 58/25,59/93 Gjeldande arealbruk: LNF-formål, til dels bebyggt	Areal: ca 11 da Ny arealbruk: Fritidsbusetnad
--------------	---	--



Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Ikkje kjende registreringar i området	+
Friluftsliv	Ikkje brukt i friluftssamanheng. Inneklemt mellom hytter og kraftlinje. Ikkje del av oppmarsj område eller i konflikt med løype traséar.	0
Vatn og vassdrag	Ikkje innanfor fastsette minsteavstandar til vatn og vassdrag.	+
Landbruk	Myrlendt mark, delvis bebyggt med hytter.. Krav om maks inngjerding må oppretthaldast og praktiserast.	
Landskap	Lite areal delvis bebyggt med hytter og veggjennomføring, mellom kraftlinje og kommuneveg. Karrakter av bebyggt område.	0
Kulturminne	Ingen registreringar innanfor området.	+
Samfunnstryggleik	Utanfor kjende risikoområder eller aktsemds område. Ikkje sløkkevatn.	0
Lokalklima	Vestvendt, god skjerming mot vind.	+/-

Avbøtande tiltak:

Konklusjon: Arealet er i stor grad utbyggt av hytter og vegføring til overforliggende hyttefelt. Vert teke inn i plan meir som ei oppdatering til faktisk arealbruk i området.

3. Vurdering av verknadane av planen sine samla arealbruksendringar

Nye område for fritidsbusetnad

Nr.	Område nr i ny plan	Område nr i gamal plan	Gnr./bnr	Forslagsstillar	Areal (da)
1	F1	H1	30/11 30/3	Hans Kjetil Hole Odd Jostein Drotninghaug	59
3	F26A	F1	29/16,8,3, 22	Sykkylven Friluftssenter	115
5	F12	H12	61/1,2,36, 37	Nysæterdalen Sameige	34
7	F14A	H14A	58/7,11 og 64/1,2,36, 7	Oddvar Løseth v/ Vidar Løseth, Frode Petterson, Gunnar Klock, Kjetil Klock, Leidulf Melseth	55
8	F16A	H16	60/1 og 58/4	Jan Melseth Jostein Klock	21
9	F16B	H16	58/5 58/1og2 59/3	Leikny Ramstad Schjønhaug Ola Arne Ramstad Per Inge Svindseth	34
10	F20	H20	33/1 33/3	Kjell Peter Fet Stein Arve Drabløs	9
12	F25	H25	25/7 25/6 25/5	Jens Birger Lervåg Frode Drabløs Bjarne Sigurd Drabløs	54
14	F26B	Ved H5 Ved H8	29/25 29/1,2,3,2 5,21	Andreas Lade Mørelaft (areal må justerast noko i samband m reg.)	300
15	F24	H24	25/1 25/2	Andrea Velle Nils Sigurd Drabløs	70
16	F23	H23	33/6,7	Ole Jostein Fet	12
17	F15	H15	59/25, 59/93	Kari Ramstad	11
Samla nytt areal:					774 da

Planforslaget opnar for eit stort antal nye hytter i området. Likevel er forlaget slik at det er forsvarleg ut frå plassering, krav i føresegnene som legg føringar for vidare detaljregulering, omsyn til viktige friluftsområder og løypestrasear, og ikkje minst, krav om felles VA-løysingar og tilknytingsplikt til framtidig fellesanlegg. Vidare er det avgjerande at Sykkylven kommune og Stranda kommune no har starta utgreiinga av felles avløpsløyseing for området.

I samband med detaljregulering er det også krav om omsyn til turvegar, skiløyper, gjerdeforbod, mm., samt at det ligg føringar for bygningsutforming og terrengplassering innanfor felta. Samla sett vil desse føringane styre utviklinga av hyttefelta i eit positiv lei, og bidra til at auka hyttebygging vil tilpassast terreng og natur på ein måte som kan sameinast med viktige natur og friluftsverdiar.

Utbyggingsareala må sjåast i eit langsiktig tidsperspektiv. Planen legg rammer for arealbruken i området i lang tid framover, og inneheld utbyggingsmoglegheter som gir gode mulegheter for lokal næringsutvikling. Behovet for dispensasjonar frå arealbruken vil bli sterkt redusert.

Nye område for turistformål

Nr.	Område nr i ny plan	Område nr i gamal plan	Gnr./bnr .	Forslagsstillar	Areal (da)
4	FT4	Mellom H6 - H7	29/22	Aage Lade	5
7	FT6	F14A	58/7,11	Oddvar Løseth v/ Vidar Løseth,	15
11	FT1	Drabløs-skiftet	30/2	Kjell Perry Drotninghaug og Kari Pauline Hjorthol	30
Totalsum av nytt areal:					50 da

Potensialet for uteleige og reiselivsretta aktivitet er ikkje godt utnytta i dag. Planforslaget sikrar at det skal vere areal tilgjengeleg til slikt formål og stettar opp under grunneigarar sine ønske om utvikling av nye reiselivsprodukt.

Ny samleveg

Nr.	Område nr i gamal plan	Område nr i ny plan	Gnr./bnr .	Forslagsstillar	Lengd
13	Frå H8 til F1	Frå F26B til F26A	29/2,4,25, 21	Mørelaft	1400 m
Totalsum av nytt areal:					1400 m

Ny samleveg vart foreslått i samband med nye byggeareal.

Nytt parkeringsareal

Nr.	Areal (da)
Dravlausskiftet	Ca 13
V7/F26A	Ca 7
Fausaskiftet	Ca 10
Totalsum av nytt areal:	30 da

Arealet må sjåast i samanheng med tilstøytande planlagde utbyggingar. Detaljert avgrensing må tilpassast terreng og utbyggingsmønster gjennom detaljregulering.

Som nemnt i planomtalen pkt.8.8 ser ein føre seg fire større parkeringsområde som ei mogleg tenleg ordning for framtida. Gjennom betalingsordningar kan ein betene friluftsbukarar og delar av hyttefolket sitt behov for vinterparkering.

Parkeringsareala ligg alle i tilknytting til anten planlagte eller eksisterande utbyggingsområde, eller i samband med tidlegare godkjente parkeringsplassar.

Areala ligg ved sentrale utfartspunkt i området, særleg for vinterbruk.

4. Vurdering av verknadane av planen sin strategi for framtidig arealbruk

4.1. Folkehelse friluftsliv

Friluftsliv og folkehelse er sentrale måltema i planforslaget. Det er lagt vekt på å trygge Fjellseterrunden (skiløypene rundt vatna) mot kryssande vegar og utbygging som kan hindre framkomelegheit. I tillegg er andre løypetrasear som vert brukt i dag og eventuelle framtidige nye trasear sikra gjennom styrt plassering av utbyggingsområde og vegar. Viktige turområder er markerte som eigne omsynssoner friluftsliv.

Gjennom krav til detaljregulering og samordna VA-planar for utbyggingsområda set planen krav til utbyggerar som sikrar svært viktig miljøkvalitetar i området. Vass- og avløpsplanar skal sikre eit reint miljø, med trygt drikkevatt og utan forureinande utslepp. Gjennom detaljplanlegging skal ein også innanfor det enkelte hytteområde sikre interne ferdselskorridorar, råser og løypetrasear.

Saman med gode parkeringsmogleheiter legg planforslaget til rette for lett tilgang til attraktive friluftsområde, eit sentralt gode for kommunen sine innbyggerar og for tilreisande.

4.2. Næringsutvikling


Arealbruken i planen må sjåast som ein langsiktig strategi, der ein vil kunne ha ei gradvis utvikling over mange år. Gjennom ei gradvis utbygging legg ein grunnlag for at lokale bedrifter kan utvikle seg med grunnlag i byggeaktiviteten i området. Alt i dag utgjer denne aktiviteten viktige oppdrag for lokale bedrifter.

Tilreisande hyttefolk utgjer også ei viktig kundegruppe for lokal handel, hytteservice, brøyting og andre tenester. Frå andre større hytteområde veit ein at dette kan vere eit viktig potensiale for lokalt næringsliv.



Areal for turisme er legg også grunnlag for reiselivsretta aktivitetar i område.

Gjennom planlagt arealbruk og og handheving av føresegnar vil planen også sikre moglegheitene for aktiv stølsdrift i framtida.

5. Vurderte og forkasta forslag etter 1.høyring

Nr.2	Eigedom: 30/1 Areal: ca. 42 daa Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk:Turistformål, utleiehytter	
 		
Naturmangfald	Sætervatnet med tilhøyrande våtmarksområde er A-lokalitet; hekkeplass for vassfugl/storlom	-
Friluftsliv	Viktig del av utfartsområde vinterstid, og sentralt område for Fjellsæterrunden.	-
Vatn og vassdrag	Området ligg inntil Sætervatnet	-
Landbruk	Myr; ingen beiting	0
Landskap	Opent landskap; ligg eksponert i dalbotn ved Sætervatnet; areal ligg i randsone til eks. fritidsbusetnad; jamt terreng	-
Kulturminne	Ingen registrering	0
Samfunnstryggleik	Ikkje sløkkjevatn i Nysæterområdet; ingen andre registrering	0
Lokalklima	Maksimalt soleksponering, men vêrutsatt stad, ikkje skjermende vegetasjon	0/-
Avbøtande tiltak:		
Konklusjon:		
Utbygging av området vil redusere området sin kvalitet som vinterutfartsområde. Særleg omsyn til Fjellsæterrunden og at området ligg midt i eit viktig utfartsområdet vert vektlagt.		
Nedbygging av myrane har størst negativ konsekvens for naturmangfaldet, noko som også talar mot utbygging.		

Nr.6	Eigedom: 61/1,2,9 Areal: ca. 60 daa Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk:Fritidsbusetnad
-------------	---



Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Den sørvestlege delen ligg innanfor rikmyra; det er òg registrert ein trekkveg	-
Friluftsliv	Konflikt med tursti/løype som fører til Revsdalen og i/nær mykje brukt skiltrasé opp til Revanakken og vidare til Auskjeret	-
Vatn og vassdrag	Ligg meir enn 100 m frå Revsdalselva	0
Landbruk	Det er registrert areal med uproduktiv skog og skog med høg bonitet; beiting er også registrert	0
Landskap	NR6 ligg svært eksponert, er synleg frå dei fleste plassar innanfor influens-/delområdet; nytt felt ligg mellom 420 moh til 485 moh (dei fleste hyttefelta strekkjer seg opp til 400 moh); terrenget i øvre del av NR6 har fall på 1:4	-
Kulturminne	Ingen registrering	+
Samfunnstryggleik	Delar av området kan vere utsatt for rasfare; ikkje sløkkjevatn; NR6 grensar mot høspentline	-
Lokalklima	Maksimalt soleksponering (li mot sørvest), men vêrutsatt stad med lågare skogsvegetasjon	-

Avbøtande tiltak:



Konklusjon: Utbygging av NR6 vert vurdert som veldig negativt for landskapet. Området er svært eksponert, og bryt vesentleg med landskapskarakteren. Terrengforholda aukar ulempa, då vegar og tomter vil gje store terreng- og vegetasjonsinngrep.

Inngangen til Revsdalen, som er eit viktig utfartsområde, ligg i dag urørt. Denne situasjonen bør ivaretakast for å oppretthalde den positive opplevinga av friluftsliv og naturverdiar i dette området.

I tillegg vert naturverdien til rikmyra negativt råka. Såleis er det også vanskeleg å flytte hyttefeltet lengre ned til slakare terreng.

Forslaget har store negative konsekvensar, og vert ikkje teke inn i plan. Utbyggingspresset er ikkje stort nok i dette området til å vege opp for ulempene. Det finst nok andre alternativ som er meir eigna til utbygging enn området NR6.

Nr.18 Eigedom: 25/5 Areal: ca 6 da
Gjeldande arealbruk: LNF-formål Ny arealbruk: Fritidsbusetnad



Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald	Delvis konflikt med våtmarksområde, registrert lokalt viktig	-
Friluftsliv	Nær, og til dels i konflikt med skiløypetrase. I eit sentralt område med stor aktivitet vinterstid som barnevennleg nærturområde.	-
Vatn og vassdrag	Til dels innanfor minste avstand til vatn jfr. føresegner til plan.	-
Landbruk	Myr/skogsmark. Del av beiteområde, men små konsekvensar	0
Landskap	Ope landskap med god sikt inn frå mykje brukt turområde. Tett inntil stølsområde med verdifullt kulturlandskap. Vil ha negativ effekt på ein i dag stort sett frittliggande støl som er eit særmerkt kulturlandskapselement.	-
Kulturminne	Ikkje registrert direkte konflikt.	0
Samfunnstryggleik	Utanfor kjende risikoområder eller aktsemdsområde. Ikkje sløkkevatn.	0
Lokalklima	Ope, vestvendt. Terrenget gir lite skjerming for vind..	0/-

Avbøtande tiltak:

Konklusjon: Arealet ligg i eit viktig utfartsområde vinterstid, til dels i konflikt med artsregistreringar, naturtype, kulturlandskap og avstand til vatn. Ein finn ikkje grunnlag for å ta området inn i plan.

6. VEDLEGG

- Vedlegg A Temakart for friluftsliv
- Vedlegg B Temakart for Kjerneområde - landbruk
- Vedlegg C Temakart for landskapsbilete med foto av nærhorisont nr. 1 – 7
- Vedlegg D Temakart for vegetasjon
- Vedlegg E ROS – analyse
- Vedlegg F Friluftsliv- Rapport frå spørjeundersøking
- Vedlegg G Friluftsliv – Kart til spørjeundersøkinga
- Vedlegg H Vurdering av VA-løysingar (Asplan Viak)